

Austrheim kommune

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, råd m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	23.01.2008	008/08	Kjell Mongstad
Kommunestyret	06.02.2008		Kjell Mongstad

Saksansv.: Kjell Mongstad	Arkiv: FE-103	Arkivsaknr: 08/79 -1
---------------------------	---------------	----------------------

Nytt inntektssystem for kommunar - høyringsuttale til Sørheimsutvalet sin rapport

Dokument i saka:

Rapport om "forslag til forbedring av overføringssystemet for kommunen"

Sjølve rapporten finn du her:

<http://www.regjeringen.no/Upload/KRD/Vedlegg/KOMM/Rapporter/israpport.pdf>

Høyringsbrev, høyringsuttalar m.m. finn du her:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/hoeringer/hoeringsdok/2007/Horing---Sorheimsutvalget---Inntektssyst.html?id=487103>

Rådmannen sitt framlegg til tilråding/vedtak:

Austrheim kommune viser til rapport om "forslag til forbedring av overføringssystemet for kommunene" (Sørheimsutvalet), jf. brev av 26.10.07 frå Kommunal- og regionaldepartementet. Austrheim kommune vil koma med følgjande høyringsuttale:

1. Hovudføremålet med inntektssystemet er å leggja til rette for eit likeverdig tenestetilbod i heile landet.
I dag har kommunane svært ulike føresetnader for å oppretthalde og vidareutvikle tenestetilbodet, og dermed vil også høvet til å drive lokalsamfunnsutvikling variere sterkt. Det vert ei nærast umogleg oppgåve å skapa likeverdig tenestetilbod i kommune-Noreg, før skatt på kraftinntekter også vert inntektsutjamna.
2. Samtlege sikkerheitsventilar og overgangsordningar er fjerna for dei kommunar som har vorte ramma av uheldige fordelingsverknader, sidan førre gong inntektssystemet vart revidert. Dette betyr at Rattsø-effekten frå 1997 med dette nye framlegget er lagt

inn i inntektssystemet med full tyngde, utan at det tilfell kompensasjon for Austrheim kommune av noka slag; - berre som ei mellombels løysing gjennom INGAR-systemet.

3. Austrheim kommunar er ikkje inkludert i det nye distriktspolitiske verkemedelområde og misser difor store tilskotssummar samanlikna med gjeldande inntektssystem. Dei kystkommunane i Hordaland som vert hardest råka av det nye inntektssystemet, bør verte plassert i sone IV for distriktspolitiske motiverte tilskot, når det gjeld kompensasjonsgrad av tapet, slik som det er tilfelle for nokre innlandskommunar i Hordaland.

Alternativt må ein etablera eit tilskot utanfor utjamningssystemet som har som føremål å fanga opp kommunar som den siste 10-årsbolken har vore dei største taparane i inntektssystemet.

Det er likevel positivt at den øvre grensa for skatteinntekter er sett til 120% i høve landsgjennomsnittet, for at slike tilskot skal verta utløyst.

4. Austrheim er uroleg for konsekvensane av framlegget til ei markant reduksjon i skjønsmidlar i inntektssystemet. Særleg når ramma framleis skal innehalde kompensasjon for bortfall av DAA (Differansiert arbeidsgjevaravgift).

Det finst kommunar som har hatt skatteinntekter som har pendla på begge sider av 110%-grensa av landsgjennomsnittleg skatteinntekt. Desse kommunane har alltid fått ein kompensasjon gjennom Fylkesmannen sine skjønsmidlar, tilsvarende ½-parten av regionaltilskotet, dei åra dette ikkje vart utbetalt.

Denne Fylkesmanns-kompensasjonen fell no bort, utan at dette ser ut til å vera tatt omsyn til med nye kompensasjonar i utvalet sitt framlegg.

Fylkesmannen sin skjønspott må aukast, i dei fylka der det er kommunar som vert råka av denne uforutsette fordelingsverknaden.

Inntektssystemet vil ikkje klara å fanga opp alle uforutsette inntekts- og utgiftsendringar som skjer i ein kommune gjennom budsjettåret.

Desse endringane kan vera vesentlege og dei kan syne seg å verta permanente. Det er viktig at det på fylkesnivå, som har ein viss lokal kunnskap å skilte med, finst tilstrekkeleg med skjønsmidlar til å fanga opp større endringar som ikkje vert fanga opp gjennom sentralt fastsette kriteriedata og kostnadsnøklar.

5. Utviklinga i frie inntekter har vore mellom dei svakaste i perioden 2000-2006 (jf. tabellen under – jf. Rattsø-effekten). Når det store nye inntektstapet for Austrheim kommune skuldast fjerning av tapskompensasjonar i perioden 2002-2006, så står dette i sterk motstrid til signala om at det nye inntektssystemet skal prioritera småkommunar og etablera eit meir likeverdig kommunalt tenestetilbod.

Det er berre 5 av dei 21 kommunane som tapte mest i frie inntekter pr. innbyggjar i perioden 2000-2006, som gjennom det nye inntektssystemet får ei positiv utvikling i frie inntekter (jf. tabellen under).

Det er verd å merka seg at mange av kommunane som kjem svakare ut enn Austrheim, er kommunar med vesentlege skatteinntekter frå kraft.

Dei resterande kommunane har ingen andre moglegheiter å kompensere tapet på, enn å redusere sitt tenestetilbod ytterlegare. Dette er ei svært uheldig utvikling.

	Kommune	Frie inntekter pr. innb. i 2006	Vekst 2005-06 (%)	Gj. vekst 2000-06 (%)	Gj. vekst 1995-06 (prosent)	Gj. vekst 1990-06 (prosent)	Effekt nytt inntektssystem (pr. innb.)
1	0118 Aremark	38 411	13,8	1,4	4,5	4,4	-2 457
2	1252 Modalen	62 982	5,5	1,7	2,3	2,3	-1 266
3	1133 Hjelmeland	36 804	7,6	2,0	3,1	2,2	262
4	1740 Namsskogan	47 338	2,8	2,4	4,1	3,2	-360
5	1516 Ulstein	30 071	11,8	2,5	4,6	4,6	-630
6	1232 Eidfjord	51 195	5,2	2,6	5,2	2,0	-1 608
7	1421 Aurland	42 645	7,4	2,6	3,1	1,6	-1 928
8	1840 Saltdal	40 756	6,8	2,7	3,9	2,7	661
9	1129 Forsand	48 057	10,3	2,8	3,5	2,1	-3 337
10	1665 Tydal	48 095	2,5	2,8	3,6	2,6	-6 119
11	1739 Røyrvik	52 814	2,7	2,8	5,1	3,8	-281
12	1662 Klæbu	28 475	6,5	2,9	3,7	2,7	53
13	1827 Dønna	44 474	6,8	3,0	4,0	3,3	-223
14	1026 Åseral	47 231	6,9	3,1	4,1	3,1	-509
15	0238 Nannestad	27 585	5,1	3,2	4,5	4,2	876
16	1134 Suldal	39 416	7,5	3,2	3,8	2,3	-304
17	2011 Kautokeino	38 133	10,0	3,2	2,9	2,8	-2 516
18	1412 Solund	51 038	8,2	3,4	4,9	4,4	-3 905
19	2021 Karasjok	39 508	9,3	3,4	3,1	2,7	-2 285
20	1233 Ulvik	40 308	5,8	3,5	4,0	2,4	277
21	1264 Austrheim	33 320	8,1	3,5*	4,1	3,5	-657
	Landsgjennomsnitt	29 278	9,0	5,3	4,7	4,0	
	Hordaland	28 545	7,9	5,5	4,8	4,1	

6. Austrheim kommune støttar utvalet sitt framlegg til at det vert ytt ein eigen kompensasjon for vekstkommunar. Dette kan vera med på å dempa vekstsmertene i slike kommunar.
7. Austrheim kommune støttar utvalet sitt framlegg til å etablere eit Inntektsgarantisystem – INGAR. Dette vil sikra eit noko betre likeverdig tenestetilbod i ein omrømningsperiode.
8. Austrheim kommune ser utvalet si løysing med å ta ut selskapsskatten av inntektsgrunnlaget for kommunane, som ei god løysing. Motivasjonen for å skapa næringsutvikling er knytt til andre føremål enn skatteinntekter. Dette fordi desse inntektene er svært ustabile. Auka skatteøre på person- og formueskatt sikrar eit meir stabilt grunnlag for næringsutviklingsarbeidet i kommunane.
9. Austrheim kommune støttar mindretalet si løysing med ei skatteinntektsutjamning som legg opp til ei utjamning som kan verta høgare enn 60%. Men det er då ein føresetnad at auken vert dekkja av kommunar med skatteinntekter over 115% av landsgjennomsnittet.
10. Det er positivt med den føreslegne endringa av oppdateringa på folketalet til 1/7 året før budsjettåret, med tanke på å sikra eit jamt tenestetilbod i budsjettåret. Det er positivt at det vert etablert ei økonomisk kompensasjonsordning for dei kommunar som denne endringa slår negativt ut for.
11. Det er naudsynt med ein grundig gjennomgang av utgiftsutjamningssystemet, for å sikra tilstrekkeleg utgiftsdekning for småkommunar; - særleg for dei kommunar som taper mykje på dette utvalet sitt framlegg til endringar i inntektssystemet.

Behandling i Formannskapet 23.01.2008:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS-008/08 Vedtak:

Austrheim kommune viser til rapport om "forslag til forbedring av overføringssystemet for kommunene" (Sørheimsutvalet), jf. brev av 26.10.07 frå Kommunal- og regionaldepartementet. Austrheim kommune vil koma med følgjande høyringsuttale:

1. Hovudføremålet med inntektssystemet er å leggja til rette for eit likeverdig tenestetilbod i heile landet.
I dag har kommunane svært ulike føresetnader for å oppretthalde og vidareutvikle tenestetilbodet, og dermed vil også høvet til å drive lokalsamfunnsutvikling variere sterkt. Det vert ei nærast umogleg oppgåve å skapa likeverdig tenestetilbod i kommune-Noreg, før skatt på kraftinntekter også vert inntektsutjamna.
2. Samtlege sikkerheitsventilar og overgangsordningar er fjerna for dei kommunar som har vorte ramma av uheldige fordelingsverknader, sidan førre gong inntektssystemet vart revidert. Dette betyr at Rattsø-effekten frå 1997 med dette nye framlegget er lagt inn i inntektssystemet med full tyngde, utan at det tilfell kompensasjon for Austrheim kommune av noka slag; - berre som ei mellombels løysing gjennom INGAR-systemet.
3. Austrheim kommunar er ikkje inkludert i det nye distriktspolitiske verkemedelområde og misser difor store tilskotssummar samanlikna med gjeldande inntektssystem. Dei kystkommunane i Hordaland som vert hardest råka av det nye inntektssystemet, bør verte plassert i sone IV for distriktspolitiske motiverte tilskot, når det gjeld kompensasjonsgrad av tapet, slik som det er tilfelle for nokre innlandskommunar i Hordaland.
Alternativt må ein etablere eit tilskot utanfor utjamningssystemet som har som føremål å fanga opp kommunar som den siste 10-årsbolken har vore dei største taparane i inntektssystemet.
Det er likevel positivt at den øvre grensa for skatteinntekter er sett til 120% i høve landsgjennomsnittet, for at slike tilskot skal verta utløyst.
4. Austrheim er uroleg for konsekvensane av framlegget til ei markant reduksjon i skjønsmidlar i inntektssystemet. Særleg når ramma framleis skal innehalde kompensasjon for bortfall av DAA (Differansiert arbeidsgjevaravgift).

Det finst kommunar som har hatt skatteinntekter som har pendla på begge sider av 110%-grensa av landsgjennomsnittleg skatteinntekt. Desse kommunane har alltid fått ein kompensasjon gjennom Fylkesmannen sine skjønsmidlar, tilsvarende ½-parten av regionaltilskotet, dei åra dette ikkje vart utbetalt.

Denne Fylkesmanns-kompensasjonen fell no bort, utan at dette ser ut til å vera tatt omsyn til med nye kompensasjonar i utvalet sitt framlegg.

Fylkesmannen sin skjønspott må aukast, i dei fylka der det er kommunar som vert råka av denne uforutsette fordelingsverknaden.

Inntektssystemet vil ikkje klara å fanga opp alle uforutsette inntekts- og utgiftsendingar som skjer i ein kommune gjennom budsjettåret.

Desse endringane kan vera vesentlege og dei kan syne seg å verta permanente. Det er viktig at det på fylkesnivå, som har ein viss lokal kunnskap å skilte med, finst tilstrekkeleg med skjønsmidlar til å fanga opp større endringar som ikkje vert fanga opp gjennom sentralt fastsette kriteriedata og kostnadsnøklar.

5. Utviklinga i frie inntekter har vore mellom dei svakaste i perioden 2000-2006 (jf. tabellen under – jf. Rattsø-effekten).

Når det store nye inntektstapet for Austrheim kommune skuldast fjerning av tapskompensasjonar i perioden 2002-2006, så står dette i sterk motstrid til signala om at det nye inntektssystemet skal prioritera småkommunar og etablera eit meir likeverdig kommunalt tenestetilbod.

Det er berre 5 av dei 21 kommunane som tapte mest i frie inntekter pr. innbyggjar i perioden 2000-2006, som gjennom det nye inntektssystemet får ei positiv utvikling i frie inntekter (jf. tabellen under).

Det er verd å merka seg at mange av kommunane som kjem svakare ut enn Austrheim, er kommunar med vesentlege skatteinntekter frå kraft.

Dei resterande kommunane har ingen andre moglegheiter å kompensere tapet på, enn å redusere sitt tenestetilbod ytterlegare. Dette er ei svært uheldig utvikling.

	Kommune	Frie inntekter pr. innb. i 2006	Vekst 2005-06 (%)	Gj. vekst 2000-06 (%)	Gj. vekst 1995-06 (prosent)	Gj. vekst 1990-06 (prosent)	Effekt nytt inntektssystem (pr. innb.)
1	0118 Aremark	38 411	13,8	1,4	4,5	4,4	-2 457
2	1252 Modalen	62 982	5,5	1,7	2,3	2,3	-1 266
3	1133 Hjelmeland	36 804	7,6	2,0	3,1	2,2	262
4	1740 Namsskogan	47 338	2,8	2,4	4,1	3,2	-360
5	1516 Ulstein	30 071	11,8	2,5	4,6	4,6	-630
6	1232 Eidfjord	51 195	5,2	2,6	5,2	2,0	-1 608
7	1421 Aurland	42 645	7,4	2,6	3,1	1,6	-1 928
8	1840 Saltdal	40 756	6,8	2,7	3,9	2,7	661
9	1129 Forsand	48 057	10,3	2,8	3,5	2,1	-3 337
10	1665 Tydal	48 095	2,5	2,8	3,6	2,6	-6 119
11	1739 Røyrvik	52 814	2,7	2,8	5,1	3,8	-281
12	1662 Klæbu	28 475	6,5	2,9	3,7	2,7	53
13	1827 Dønna	44 474	6,8	3,0	4,0	3,3	-223
14	1026 Åseral	47 231	6,9	3,1	4,1	3,1	-509
15	0238 Nannestad	27 585	5,1	3,2	4,5	4,2	876
16	1134 Suldal	39 416	7,5	3,2	3,8	2,3	-304
17	2011 Kautokeino	38 133	10,0	3,2	2,9	2,8	-2 516
18	1412 Solund	51 038	8,2	3,4	4,9	4,4	-3 905
19	2021 Karasjok	39 508	9,3	3,4	3,1	2,7	-2 285
20	1233 Ulvik	40 308	5,8	3,5	4,0	2,4	277
21	1264 Austrheim	33 320	8,1	3,5*	4,1	3,5	-657
	Landsgjennomsnitt	29 278	9,0	5,3	4,7	4,0	
	Hordaland	28 545	7,9	5,5	4,8	4,1	

6. Austrheim kommune støttar utvalet sitt framlegg til at det vert ytt ein eigen kompensasjon for vekstkommunar. Dette kan vera med på å dempa vekstsmertene i slike kommunar.

7. Austrheim kommune støttar utvalet sitt framlegg til å etablere eit Inntektsgarantisystem – INGAR. Dette vil sikra eit noko betre likeverdig tenestetilbod i ein omrømningsperiode.
8. Austrheim kommune ser utvalet si løysing med å ta ut selskapsskatten av inntektsgrunnlaget for kommunane, som ei god løysing. Motivasjonen for å skapa næringsutvikling er knytt til andre føremål enn skatteinntekter. Dette fordi desse inntektene er svært ustabile. Auka skatteøre på person- og formueskatt sikrar eit meir stabilt grunnlag for næringsutviklingsarbeidet i kommunane.
9. Austrheim kommune støttar mindretalet si løysing med ei skatteinntektsutjamning som legg opp til ei utjamning som kan verta høgare enn 60%. Men det er då ein føresetnad at auken vert dekkja av kommunar med skatteinntekter over 115% av landsgjennomsnittet.
10. Det er positivt med den føreslegne endringa av oppdateringa på folketalet til 1/7 året før budsjettåret, med tanke på å sikra eit jamt tenestetilbod i budsjettåret. Det er positivt at det vert etablert ei økonomisk kompensasjonsordning for dei kommunar som denne endringa slår negativt ut for.
11. Det er naudsynt med ein grundig gjennomgang av utgiftsutjamningssystemet, for å sikra tilstrekkeleg utgiftsdekning for småkommunar; - særleg for dei kommunar som taper mykje på dette utvalet sitt framlegg til endringar i inntektssystemet.

Særutskrift sendt:

Det Konelige Kommunal- og Regionaldepartementet

Dato: 24.01.2008

Postboks 8112 Dep.

Austrheim Kommune

5811 Austrheim

Tlf: 56 16 20 00 Fax: 56 16 20 01

0032 OSLO

1. Saka gjeld:

Det er oppnemnt eit utval som har kome med framlegg til revisjon av kommunane sitt inntektssystem.

Innføring av inntektssystemet skjedde i 1986

Den største revisjonen sidan oppstart vart gjennomført i 1996 (Rattsø-utvalet)

Det vart gjort eit forsøk på ein ny revisjon i 2006 (Borge-utvalet) – men rapporten vart lagt på is, sjølv om intensjonen er å revidere inntektssystemet kvart 10. år.

Eit nytt inntektssystemutvalet vart oppnemnt i 2006.

Nytt framlegg til revisjon, vert lagt fram for kommunane våren 2008.

Ei endring skal gjelda frå år 1/1 2009.

Sørheimsutvalet har vore samansett av 8 politikarar og eit sekretariat på 3 medlemmer henta frå departementa.

Den delen av inntektssystemet som gjeld utgiftsutjamninga, vart frå starten av halde utanom mandatet. Departementet skal vurdere den ordninga.

Med bakgrunn i dette, har Sørheimutvalet laga ein rapport ”forslag til forbedring av overføringssystemet for kommunen” som det er beden om høyringsuttalar på innan 26. januar dette år.

2. Saksopplysningar:

Hovudelement i dagens inntektssystem:

Føremål:

Jamne ut dei svært ulike økonomiske føresetnadane som kommunane har for å drive eit likeverdig tenestetilbod i heile landet.

Forutan eit likt fordelt innbyggjartilskot skal systemet bidra til å:

- Kompensere for variasjonar i utgiftsbehova (utgiftsutjamning)
- Utjamne variasjonar i skatteinntektsgrunnlaget (inntektsutjamning)

Systemet skal også ivareta distrikts- og regionalpolitiske mål. Mellom anna gjennom:

- Nord-Noreg-tilskot (geografi, demografi)
- Regionaltilskot (storleik og skattegrunnlag)
- Delar av skjønstilskotet (utilsikta variasjonar)

I tillegg kjem selskapsskatten, ein skatt som av ulike grunnar og i ulik grad, har vore ein del av inntektssystemet til ulike tider.

Innhald i rammetilskot (fordelingsnykel i parantes):

- Innbyggjartilskot (80%)
 - Utgiftsutjamning (vurdering av denne delen av inntektssystemet, er utanom utvalet sitt mandat)
 - Inndelingstilskot, Korreksjonsordning for elevar i stalege og private skular
 - Overgangsordninga
 - Inntektsutjamning
- Regionaltilskot (2%) og Nord-Norge tilskot (3%)

- Skjønstilskot (3%)
- Selskapsskatt (12%)

Rammetilskotet utgjer 50% av den kommunale finansieringa i inntektssystemet.
Resterande 50% skal koma frå skatteinntekter.

I det vidare følgjer ein gjennomgang av elementa i inntektssystemet, uavhengig av kva grad Sørheimutvalet har vurdert desse elementa:

Innbyggartilskot:

Vert fordelt med eit likt tilskot pr. innbyggjar på grunnlag av folketalet pr. 1/1 i budsjettåret. Storleiken på dette tilskotet vert utmålt, tildelt og justert, etter som endringar i utjamningsordningane i inntektssystemet vert kjende. Tilskotet pr. innbyggjar har dei seinaste åra variert slik:

2003	2004	2005	2006	2007
7 281	6 172	5 983	6 608	7 105

Utgiftsutjamning (er ikkje med i utvalet sitt mandat):

Alle innbyggjarane i ein kommune har krav på eit visst tenestetilbod. Dette tilbodet skal vera likeverdig. Det er store skilnader mellom kommunane på kor mykje det kostar å oppretthalda denne likeverdigheita. Dette skuldast m.a. ulikskapane i folketal, alderssamansetnad, geografiske plassering, skulestruktur, ulike sosiale utfordringar og mykje, mykje meir. For å sikre eit mest mogleg rettvisst og likeverdig tenestetilbod vert kommunesektoren sine rammer fordelt etter kostnadsnyklar som syner korleis utgiftene faktisk fordeler seg i kommune-Noreg samla sett. Kostnadsnyklane gjeld sameleis for alle kommunar og vert justert kvart år, etter at folketalet og folkesamansetnaden pr. 1/1 er gjort kjent. Utgiftsutjamninga for 2006 vart endeleg fordelt slik:

Kostnadsnøkkel	2006
0-5 år	0,023
6-15 år	0,308
16-66 år	0,120
67-79 år	0,085
80-89 år	0,133
over 90 år	0,049
Skilte og separerte 16-59 år	0,038
Arbeidsledige	0,011
Dødlighet	0,025
Ikke-gifte 67 år og over	0,025
Innvandrere	0,005
Beregnet reisetid	0,015
Bosatt spredt fra 2002 sone)	0,010
Nabo	0,011
PU over 16 år	0,066
PU under 16 år	0,004
Urbanitetskriterium	0,042
Landbrukskriterium	0,005
Basistillegg	0,025
SUM	1,000

Vektinga vil variere noko frå år til år, ikkje berre som følgje av endringar i folketal og alderssamansetnaden, men også som følgje av systemendringar og medvitne politiske vedtak. Overføring av tilskot frå øyremerking til rammefinansiering, er eit døme på slikt.

Dette er eit reint omfordelingssystem innafor ei gjeven ramme. Vektinga er difor eit nullsumspel mellom kommunane i Noreg.

Iflg. tabellen gjev gruppa 0-5 år svakast utteljing. Tek ein med alle dei øyremerkete midlane som vert tildelt barnehagane utanom utgiftsutjamninga, så ville vektinga vorte langt høgare. Det er signalisert at denne øyremerkinga skal fjernast frå 1/1 2009, om full barnehagedekning er nådd.

Vektinga er basert på registrerte kriteriedata, innmelde frå den einskilte kommune og andre offentlege instansar (m.a. data frå SSB, m.a. innmeld via KOSTRA).

Behovet for endringar i den økonomiske ramma for utjamninga, vert korrigert mot innbyggjartilskotet.

Oppdaterte folketal:

Med bakgrunn i folketal og alderssamansetnaden pr. 1/1, vert inntektsgrunnlaget for kommunane endra i budsjettåret etter dagens system.

Dette kan gje store og til dels uforutsette endringar i rammetilskotet; - særleg for kommunar med stor fråflytting eller vekst.

Før 2003 var det teljinga pr. 1/1 året før, som vart lagt til grunn for utmåling av tilskot. Dette var ei uheldig ordning for vekstkommunar og ditto positivt for kommunar med stor fråflytting.

Det er her verd å merka seg at utgiftsutjamninga kan gå ned, sjølv med ei auke i folketalet. Dette kan skuldast at veksten i folketalet er lågare enn landsgjennomsnittleg vekst og det kan skuldast skuvningar i folkesamansetnaden som er annleis enn kostnadsnøkane legg opp til.

Inntektsutjamning:

Føresetnadane for inntening av skatt er svært ulikt fordelt i kommune-Noreg.

Inntektsutjamninga skal difor syte for ei utjamning mellom skattesterke- og skattesvake kommunar. Det er berre personskatt og selskapsskatt som inngår i skatteutjamninga.

Den symmetriske delen av utjamninga fungerer slik:

- Kommunar med skatteinntekter pr. innbyggjar over landsgjennomsnittet, vert trekt 55 % av meirinntekter over 100%.
- Kommunar med skatteinntekter pr. innbyggjar under landsgjennomsnittet, får dekkja 55% av mindreinntekter under 100%.

Det er også etablert ei tilleggsordning for ytterlegare skatteinntektsutjamning:

- Kommunar med skatteinntekter pr. innbyggjar under 90 % av landsgjennomsnittet, vert i tillegg kompensert for 35 % av tapet, inntil dei når eit samla inntektsnivå som tilsvarar 90 % av landsgjennomsnittlege skatteinntekter.

Finansieringa av tilleggsordninga, skjer gjennom eit flatt trekk pr. innbyggjar på kommunane sitt innbyggjartilskot.

I tillegg er det nokre spesielle utjamningsordningar i inntektssystemet som er direkte knytt til innbyggjartilskotet. Dette gjeld:

Korreksjonsordning for kommunar som har elevar i statlege og private skular

Mindreutgifter for dei kommunar som dette gjeld, vert justert mot innbyggjartilskotet

Inndelingstilskot

Dette er eit stimulerings- og kompensasjonstilskot som vert ytt til kommunar som vel å slå seg saman. Tilskotet vert tildelt og står fast i 10 år, med nedtrapping over 5 år etter dette. Finansieringa av denne ordninga skjer mot reduksjon i innbyggjartilskotet til kommunane.

Overgangsordningar:

I samband med innføring av nye kommunale reformer eller ved overgangar frå øyremerkte til rammefinansierte tilskot, kjem det både tilsikta og til dels utilsikta verknader på kommunen sine samla rammevilkår.

Taparane/vinnarane ved slike endringar og reformer får, gjennom ei overgangsordninga, dei økonomiske negative/positive verknadane fordelt over 5 år.

Finansieringa av denne ordninga skjer mot reduksjon i innbyggjartilskotet til kommunane.

Regionalpolitiske tilskot (Nord Norge- og Regionaltilskotet):

Årsaka til at dei ulike regionalpolitiske tilskota ein gong vart oppretta, var å motverka skeive fordelingsverknader ved systemendringar i inntektssystemet.

Kommunar i Nord Norge fekk fram til 1994 eit "skjult" tilskot. Dette vart overført gjennom å fastsette ein høgare utjamningsdel enn for andre kommunar. Frå 1994 vart overføringa omgjort til eit særskilt Nord Norge-tilskot, som vert tildelt utanom utjamningsordningane. Gjennom Rattsø-utvalet sitt arbeid vart dette tilskotet omdefinert til å verta eit regionalpolitisk tilskot.

Analysar som Rattsø-utvalet gjorde i 1997, synte at småkommunar hadde vorte overkompensert i høve til sitt utgiftsbehov. Det vart med bakgrunn i desse analysane, vedteke å halvere basiskriteriet i utjamningsmodellen.

Ved å innføra eit nytt Regionaltilskot, skulle små utkantkommunar sikrast mot for store tap i inntekter. Tilskotet er trappa opp etter kvart som Rattsø-effekten har slått til og nye urettvise reformer for småkommunar har kome til.

I dag er det dei kommunar som, uavhengig av geografisk plassering, har mindre enn 3.000 innbyggjarar og som har ei skatteinntekt under 110% av landsgjennomsnittet, som får dette tilskotet. Det skjer ei nedtrapping av tilskotet i intervallet 3000-3200 innbyggjarar. Ei tilssvarande nedtrappingsordning er ikkje etablert for dei kommunar som pendlar på begge sider av 110%-skatteinntektsgrensa.

Skjønstilskot:

Om det er tilhøve eller endringar som gjer at ein kommune taper vesentlege summar i rammefinansieringa, som korkje vert fanga opp av sentrale utjamningar eller overgangsordningar, har Fylkesmannen fått tildelt ei skjønnsramme som skal nyttast til å sikre at det ikkje skjer utilsikta negative verknader på tenestetilbod for innbyggjarane. Ein vesentleg del av denne summen er kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift (DAA).

I den samla skjønnsramma ligg det også regional –og distriktpolitiske grunngejevne skjønsmidlar. Desse midlane skal utgjere om lag 15% av ramma.

Selskapsskatt:

Næringsverksemd generelt og kor ei verksemd sitt hovudkontor er lokalisert, er svært ulikt fordelt i landet. Måten Selskapsskatten vert fordelt på, gjev difor vesentlege

fordelingsverknader mellom kommunane. Dette syner mellom anna ved at det er gjennomført fleire endringar i fordelingsordninga det siste tiåret.

Før 1999 fekk kommunane ein del av selskapsskatten, men ordninga vart vurdert til å gje ei svært ujamn fordeling mellom kommunane og ustabile rammevilkår frå eit år til eit anna. I perioden 1999-2005 vart Selskapsskatten difor gjort 100% statleg (mot ei auka fordeling til kommunane på skatt på inntekt og formue).

Med hovudargumentasjon på å skape større motivasjon for næringsutvikling, vart ordninga endra til slik den er i dag.

Frå år 2005 har delar av Selskapsskatten (3,5%), som vert betalt av verksemdar (etterskotspliktige), inngått i det kommunale rammetilskotet.

Fordelinga av denne skattedelen er basert på kor stor del av arbeidsplassane i eit føretak, som er lokalisert i den einskilde kommunen.

Den delen av selskapsskatten som kommunane skal ha, vert fordelt til kommunane 2 år etter at skatten er betalt; - og då som ein del av rammetilskotet.

Sørheim-utvalet sitt mandat:

1. Gjennomgå inntektsutjamning med fokus på
 - A Likeverdige tenester
 - B Stabile og på førehand kjende rammevilkår
 - C Motivasjon for å auka skatteinntekter
 - D Enkel skattinntektsutjamning
2. Vurdere tilhøve Innbyggjartilskot vs. Skatteinntekter
3. Vurdere vidareføring av selskapsskatten som ein kommunal skatt
 - A Likeverdige tenester,
 - B Stabile og på førehand kjende rammevilkår
 - C Insentiv til næringsutvikling – og verknader på regional næringsutvikling
4. Skjønstilskotet – omfang og kriterium
5. Legge ramme for regionalpolitiske tilskot
Tilhøvet mellom regionalpolitiske tilskot og distriktpolitikk – vurderer auka kopling
6. Vurdere behovet for overgangsordningar i inntektssystemet – koma med framlegg
7. Vurdere trongen for kompensasjonar for kommunar med nedgang/vekst i folketalet.
Vurdere modell for oppdatering av folketal
- (8.) Inntektssystemet for dei nye regionane skal ikkje vurderast
Utgiftsutjamninga skal ikkje vurderast

Ein viktig vurdering/reservasjon som Sørheimutvalet har lagt til grunn er at utgiftsutjamninga skulle vore vurdert i samanheng med dei andre elementa i inntektssystemet.

Sørheim-utvalet sine hovudkonklusjonar:

1. Tilhøve mellom skatt og rammetilskot i finansieringen av kommunar:

Sørheimutvalet si vurdering:

Mest omsyn til lokal forankring, krev høg skattedel

Mest omsynet til fordeling, på førehand kjende rammer og stabil politikk, krev ein låg skattedel

Konklusjon:

- Fordelinga skal framleis vera om lag 50/50
- Kommunane må framleis finne seg i å handtere ein stor grad av usikkerheit på inntektssida

2. Om ujamninga av skatteinntektene er ok i dag

Det er ynskje om å fordele noko meir av den symmetriske skatteinntektsutjamninga

- Fleirtalet vil auke den symmetriske skatteinntektsutjamninga frå 55% til 60%
- Eit mindretal vil ha det som i dag
- Eit anna mindretal vil auka utjamninga frå 55% til maks 95%, men då på dei inntektene som overstig 115% av landsgjennomsnittet

3. Selskapsskatt

Utvalet er delt - 3 alternativ:

- Avvikling av dagens modell – ei statleggjering med tilsvarende auke i fordeling av inntekts- og formueskatt mot kommunane
- Alternativt som i dag, overgang til skattefonds- eller skattesimuleringsmodellen

4. Vurdere Distriktpolitisk tilskot vs. Nord Norge-tilskot og regionaltilskot

Sørheimutvalet har sine vurderingar om nytt distriktpolitisk tilskot, lagt til grunn følgjande:

"Et nytt distriktpolitisk tilskudd skal brukes til å sette i stand kommuner som sliter med fraflytning og dårlige levevilkår i stand til å gi et bedre tjenestetilbud enn "gjennomsnittskommunen", for om mulig å demme opp for ytterligere fraflytning".

- Avvikling av dagens regionalpolitiske tilskot (Nord Noreg-tilskot og regionaltilskot) – regionalpolitikk skal styrkast
- Nytt Distriktpolitisk tilskot vert kopla opp mot definerte distriktpolitiske verkeområde - kopling mot distriktpolitikk elles
- Små kommunar innafør verkeområde, skal gjevast ein ekstrainsats
- Små kommunar utanom verkeområde, skal eventuelt få skjønsmidlar
- Skal føre til betre utbygd tenestetilbod enn gjennomsnittskommunen
- Forhindre fråflytting og dårlege levekår
- Nordområda i Noreg er prioritert – småkommunar i Sør Noreg taper

5. Omsyn til sterk vekst eller nedgang i folketalet – "oppdatert folketal"-ordninga

- For innbyggjartilskot og utgiftsutjamning - Oppdatering av folketal vert foreslått basert på 1.juli året før, i staden for i budsjettåret.

- For inntektsutjamninga – som i dag (fangar opp veksten raskare)
- Kompensasjon for demografiske endringar, så langt det er mogleg
- Eiga vekstkompensasjonsordning
 - Vekstgrense – det doble av gjennomsnittleg årleg vekst på landsplan, dei siste 3 åra
 - Kr. 50.000 pr. innbyggjar ut over vekstgrensa

6. Vurdering av skjønsmidlar

- Vesentleg reduksjon i skjønsmidlar - jf. overføring av regionalpolitiske motiverte skjønsmidlar til ein ny pott for distriktpolitiske verkemedel
- Mest mogleg tildeling etter faste kriterium
 - Omsyn til særskilte lokale tilhøve
 - Omsyn til særskilte hendingar i budsjettåret
- Kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift (DAA) skal framleis vera inkludert i skjønnet
- Kompensasjon for endringar i inntektssystemet i perioden 2002-2006 vert trekt ut av skjønnet og lagt inn i innbyggjartilskotet
- Vekstkompensasjonen (jf. pkt. 5) vert finansiert ved same %-vise trekket i skjønnsrammene for alle fylka

Denne ordninga skal iflg. utvalet gje større grunnlag for rettvis fordeling.

7. Vurdere om overgangsordningane er gode nok

- Vert innført ein inntektsgaranti (INGAR) - hindre bråe inntektsendringar i høve til landsgjennomsnittlege endringar – uavhengig av årsak
- Endringar som kjem via skiftingar i inntektsutjamning og selskapsskatt, vert ikkje garantert
- Max. Kr. 300,- tap pr. innbyggjar skal kunna tolast
- Finansiert med likt trekk pr. innbyggjar i alle kommunar

Effekt for Austrheim kommune:

Effekt for Austrheim kommune - fleirtalsframlegg:				
	Grunnlag innbyggjartal	2 485		
Vedlegg	Konklusjon mandat	Effektar		
		Pr. innb.	1000-kr.	
2	Auka inntektsutjamning	(120)	(298 200)	
3	Kommunal selskapsskatt	357	887 145	
4	Selskapsskatt/inntektsutjamning 60%-fleirtal	199		494 515
5	Distriktpolitisk tilskudd	-		-
1	Trekk i Fylkesmannen sine skjønsmidlar	-		-
1	Trekk i kompensasjon for tap 2002-2006	(903)		(2 243 955)
1	Gevinst/tap ikkje-oppdateret folketal	73		181 405
1	Finansiering vekstkompensasjon	(27)		(67 095)
				-
	Samla effekt - summert			(1 635 130)
1	Tapet vert fordelt... 1. års nedtrekk i inntektene	(133)	(330 505)	

3. Vurdering:

Likeverd:

Den største årsaka til ulikskapane i tenestetilbodet kommunane imellom, kjem som følge av ulike inntektsføresetnader og då særleg skatteinntekter som er knytt til kraftverk.

Det er difor umogleg å skape eit likeverdig tenestetilbod i kommune-Noreg, utan å også trekke inn slike skattar i fordelingskabal.

Den seinaste tida sitt fokus på plassering og tap av likvide kommunale midlar, er eit døme på at dette er ei korrekt vurdering.

Men det er også store skilnader i korleis person- og selskapsskatteinntektene i kommune-Noreg er fordelt:

73 av 431 kommunar har eit skatteinntektsnivå som er over 100% av landsgjennomsnittet.

301 av 431 kommunar har eit skatteinntektsnivå på mindre enn 90%.

Etter rådmannen si vurdering må ein etablere eit betre utjamningssystem som gjer at dei aller rikaste kommunane tek eit større løft for fellesskapet, enn slik det er tilfelle i dag. Dette har mindretalet i utvalet lagt opp til og ynskjer ei langt større utjamning frå kommunar med skatteinntekter over 115% av landsgjennomsnittet til dei mest skattesvake kommunane.

Austrheim kommune vil vera tent med ei slik løysing pr. dags dato.

Ulike føresetnader:

Dei politiske representantane som har vore oppnemnd til Sørheimutvalet, kjem frå små og store kommunar, "rike og fattige", frå nord og sør, aust og vest i landet og nokre frå kommunar med store hjørnesteinsverksemdar og andre frå kommunar med høg pendlarfaktor m.m.

Det må såleis ha vore ei mengd med kryssande interesser i utvalet, når ein har utarbeidd eit system som har som føremål å finne nye rettvise løysingar/verkemedel og når det ikkje er fleire midlar å omfordele enn dei ein har tilgjengeleg i dagens inntektssystem.

Alle tapskompensasjonar vert fjerna:

Tabellen over effektar av utvalet sitt framlegg, syner at Austrheim kommune taper om lag 2,5 mill. på at tapskompensasjonen for alle systemendringar som er gjort i perioden 2002-2006, vert fjerna (størstedelen er knytt til Rattsø-effekten).

Saman med det faktiske tapet pr. år som Austrheim kommune allereie har hatt i same tidsperiode (sjå tabellen under, som syner utvikling i frie inntekter i perioden 2000-2006), så har Austrheim kommune måtta tole til saman hatt eit tap på 1,8% kvart år i gjeldande periode, samanlikna med landsgjennomsnittet. Dette utgjer eit tap på om lag kr. 600.000 pr. år – med andre ord eit samla inntektstap på om lag 3,0 mill.

Samanlikna med gjennomsnittlege inntekter for Hordalandskommunane, er tapet på 4,0 mill.

Ei slik endring slår beina under Sørheimutvalet sin intensjon om å styrke småkommunane sine rammevilkår, gjennom m.a. å auka bruken av distriktpolitiske verkemedel.

Auka inntektsutjamning:

Som det også er mogleg å lese av denne tabellen, så taper Austrheim kommune på ei auka inntektsutjamning isolert sett.

Mindre kommunar som vil her vera best tent med å støtta mindretalet sitt framlegg.

Desse vil auke fordelingsprosenten opp til 95%, men den auka omfordelinga skal då skje frå dei kommunar som har skatteinntekter på meir enn 115% av landsgjennomsnittet. Ei slik løysing vil gje ei styrking av rammene i høve det fleirtalet legg opp til, som ynskjer at alle kommunar med skatteinntekter større enn 100%, skal vera med å dekke 5% auka inntektsutjamning.

Austrheim kommune har skatteinntekter på om lag 110% og er såleis ikkje definert inn i den gruppa som mindretallet har lagt opp til skal dekkja kostnadane med ei slik endring.

Selskapsskatten:

Samla sett så Austrheim godt tent med at selskapsskatten vert avvikla som ein kommunal skatt og at fordelinga av person- og formueskatt heller vert fordelt med ein større del til kommunane enn i dag. Det er først og fremst dei største og mest skattesterke kommunane som vil tapa på denne omlegginga.

Rådmannen meiner at måten inntektene kjem til kommunen på, har mindre å seie for motivasjonen til å driva næringsutvikling. Det er den samla kommunale ramma og handlerommet der, som gjev grunnlaget for å kunna setje av midlar til slike føremål.

Det verkar urimeleg og lite i tråd med prinsippet om å få yta likeverdige kommunale tenester i heile landet, at det skal vera nokre få store og skattesterke kommunar som skal få nytta godt av å ha eit handlerom til også å skape næringsutvikling.

Oppdatering av folketal:

Skjer det ei oppdatering av folketallet/alderssamansetnad midt i budsjettåret, vil dette gje endra rammevilkår for kommunane, berre kort tid etter at eit budsjett er lagt. Dette er ei uheldig ordning med tanke på planlegging og gjennomføring av eit stabilt tenestenivå.

Vekstkommunar tener på ei slik ordning, fråflyttingskommunar taper.

Ved å endra oppdateringsdatoen til 1/7 året før, får fråflyttingskommunane ein vinst, vekstkommunar vil tapa.

Dei kommunar som veks fort, vil difor få eit vekstkommunetilskot som skal fange opp det årlege tapet som kjem med ei slik endring.

Det vert små konsekvensar for Austrheim kommune med denne endringa, men trongen for stabile og på førehand kjende rammevilkår, gjer at endringa som vert foreslått vert tenleg for tenestetilbodet.

Distriktpolitiske verkemedel/tilskot:

Noreg er inndelt i distriktpolitiske soner som er godkjend av ESA.

I og med at Austrheim kommune er plassert i sone II og ikkje sone III eller IV, misser denne kommunen høve til å få gjeninnført differensiert arbeidsgjevaravgift (DAA).

Inntektssystemutvalet foreslår å gje økonomisk kompensasjon gjennom inntektssystemet for dette tapet, men berre etter same kriterium som ligg i den godkjende soneinndeling. Dette gjer at om Austrheim ville vore berettiga for regionaltilskot eller regionalpolitisk skjøn etter det gamle inntektssystemet, så er dette ikkje lenger tilfelle med det nye framlegget.

Dette fører til at Austrheim kommune ikkje får høve til å driva ein aktiv og god næringspolitikk. Dette er særdeles uheldig når ein ser kva som er under utvikling i og rundt Mongstad-område.

Dette må rettast opp i, anten ved å akseptere eit avvik mellom kva kommunar som må vera i den godkjende soneinndelinga og kva kommunar som skal få kompensasjon.

Alternativt må ein syte for at Fylkesmannen sine skjønsmidlar vert kanalisert mot dei kommunar som taper regionaltilskotet.

Endringane knytt til dei distriktpolitiske verkemidla er elles gode.

INGAR – inntektsgarantien:

Inntektsgarantien for kommunane som gjer at ingen kommunar skal kunna tape meir enn 300,- pr. innbyggjar frå eit år til eit anna, er ei god ordning.

Alle kommunar skal her vera med å bidra til fellesskapet.

Dette gjer at sjølv om Austrheim kommune vil tapa om lag 1,6 mill. på alle endringane i framlegget til det nye inntektssystemet, så kan ikkje nedtrekket vert meir enn 0,33 mill. kvart år.

Om utgiftsutjamninga:

Ramma for utgiftsutjamninga er alltid vekta med 1,0. Det vil seie at det er ei rein omfordelingsordning. Dersom behova for kommunale tenester (og dermed utgiftene) veks meir enn kva som er den totale ramma for utgiftsutjamninga for kommunesektoren, slik det har skjedd på 2000-talet, skjer det ei underfinansiering av utgiftene i ein lokalkommune. Verst går det då for dei kommunar som ikkje har hovudtyngda av si finansiering gjennom skatteinntekter.

Her er det trong for ein ny gjennomgang på bakanforliggende kriterium til utrekning av kostnadsnøklane. Dei store tapte inntektene i småkommunar i perioden 2000-2006, tyder på dette, særleg når tapskompensasjonen i tillegg vert fjerna.

Sluttvurdering:

Iflg. KS Hordaland er det ein ting som er sikkert. Dei oppsette talla i tabellane vil verta endra.

Pga. at Austrheim kommune er ein kommune som pendlar på 110% skatteinntektsterskelen, torer korkje rådmannen i Austrheim, Fylkesmannen i Hordaland og KS ikkje spå korleis rammevilkåra endeleg vil verta om dette framlegget vert vedteke slik det ligg føre.

Det samla tapet som no ser ut til å skje for kommunen, vil truleg verta vesentleg endra om grunnlaget for utrekninga vert endra til år 2007, som er eit år då Austrheim kommune mottok regionaltilskot. I alle fall vil den delen av skjønspotten som vert tildelt Fylkesmannen, kunna verta høgare og/eller INGAR måtta trø til på eit eller anna vis. At Austrheim kommune, mot mange av intensjonane i det nye inntektssystemutvalet, taper så mykje inntekter, kan tyda på dette.

4. Konklusjon:

Austrheim kommune viser til rapport om "forslag til forbedring av overføringssystemet for kommunene" (Sørheimsutvalet), jf. brev av 26.10.07 frå Kommunal- og regionaldepartementet. Austrheim kommune vil koma med følgjande høyringsuttale:

1. Hovudføremålet med inntektssystemet er å leggja til rette for eit likeverdig tenestetilbod i heile landet.
I dag har kommunane svært ulike føresetnader for å oppretthalde og vidareutvikle tenestetilbodet, og dermed vil også høvet til å drive lokalsamfunnsutvikling variere sterkt. Det vert ei nærast umogleg oppgåve å skapa likeverdig tenestetilbod i kommune-Noreg, før skatt på kraftinntekter også vert inntektsutjamna.

2. Samtlege sikkerheitsventilar og overgangsordningar er fjerna for dei kommunar som har vorte ramma av uheldige fordelingsverknader, sidan førre gong inntektssystemet vart revidert. Dette betyr at Rattsø-effekten frå 1997 med dette nye framlegget er lagt inn i inntektssystemet med full tyngde, utan at det tilfell kompensasjon for Austrheim kommune av noka slag; - berre som ei mellombels løysing gjennom INGAR-systemet.
3. Austrheim kommunar er ikkje inkludert i det nye distriktspolitiske verkemedelområde og misser difor store tilskotssummar samanlikna med gjeldande inntektssystem. Dei kystkommunane i Hordaland som vert hardest råka av det nye inntektssystemet, bør verte plassert i sone IV for distriktspolitiske motiverte tilskot, når det gjeld kompensasjonsgrad av tapet, slik som det er tilfelle for nokre innlandskommunar i Hordaland.
Alternativt må ein etablera eit tilskot utanfor utjamningssystemet som har som føremål å fanga opp kommunar som den siste 10-årsbolken har vore dei største taparane i inntektssystemet.
Det er likevel positivt at den øvre grensa for skatteinntekter er sett til 120% i høve landsgjennomsnittet, for at slike tilskot skal verta utløyst.
4. Austrheim er uroleg for konsekvensane av framlegget til ei markant reduksjon i skjønsmidlar i inntektssystemet. Særleg når ramma framleis skal innehalde kompensasjon for bortfall av DAA (Differansiert arbeidsgjevaravgift).

Det finst kommunar som har hatt skatteinntekter som har pendla på begge sider av 110%-grensa av landsgjennomsnittleg skatteinntekt. Desse kommunane har alltid fått ein kompensasjon gjennom Fylkesmannen sine skjønsmidlar, tilsvarande ½-parten av regionaltilskotet, dei åra dette ikkje vart utbetalt.

Denne Fylkesmanns-kompensasjonen fell no bort, utan at dette ser ut til å vera tatt omsyn til med nye kompensasjonar i utvalet sitt framlegg.

Fylkesmannen sin skjønspott må aukast, i dei fylka der det er kommunar som vert råka av denne uforutsette fordelingsverknaden.

Inntektssystemet vil ikkje klara å fanga opp alle uforutsette inntekts- og utgiftsendringar som skjer i ein kommune gjennom budsjettåret.

Desse endringane kan vera vesentlege og dei kan syne seg å verta permanente. Det er viktig at det på fylkesnivå, som har ein viss lokal kunnskap å skilte med, finst tilstrekkeleg med skjønsmidlar til å fanga opp større endringar som ikkje vert fanga opp gjennom sentralt fastsette kriteriedata og kostnadsnøklar.

5. Utviklinga i frie inntekter har vore mellom dei svakaste i perioden 2000-2006 (jf. tabellen under – jf. Rattsø-effekten).
Når det store nye inntektstapet for Austrheim kommune skuldast fjerning av tapskompensasjonar i perioden 2002-2006, så står dette i sterk motstrid til signala om at det nye inntektssystemet skal prioritera småkommunar og etablera eit meir likeverdig kommunalt tenestetilbod.

Det er berre 5 av dei 21 kommunane som tapte mest i frie inntekter pr. innbyggjar i perioden 2000-2006, som gjennom det nye inntektssystemet får ei positiv utvikling i frie inntekter (jf. tabellen under).

Det er verd å merka seg at mange av kommunane som kjem svakare ut enn Austrheim, er kommunar med vesentlege skatteinntekter frå kraft.

Dei resterande kommunane har ingen andre moglegheiter å kompensere tapet på, enn å redusere sitt tenestetilbod ytterlegare. Dette er ei svært uheldig utvikling.

	Kommune	Frie inntekter pr. innb. i 2006	Vekst 2005-06 (%)	Gj. vekst 2000-06 (%)	Gj. vekst 1995-06 (prosent)	Gj. vekst 1990-06 (prosent)	Effekt nytt inntektssystem (pr. innb.)
1	0118 Aremark	38 411	13,8	1,4	4,5	4,4	-2 457
2	1252 Modalen	62 982	5,5	1,7	2,3	2,3	-1 266
3	1133 Hjelmeland	36 804	7,6	2,0	3,1	2,2	262
4	1740 Namsskogan	47 338	2,8	2,4	4,1	3,2	-360
5	1516 Ulstein	30 071	11,8	2,5	4,6	4,6	-630
6	1232 Eidfjord	51 195	5,2	2,6	5,2	2,0	-1 608
7	1421 Aurland	42 645	7,4	2,6	3,1	1,6	-1 928
8	1840 Saltdal	40 756	6,8	2,7	3,9	2,7	661
9	1129 Forsand	48 057	10,3	2,8	3,5	2,1	-3 337
10	1665 Tydal	48 095	2,5	2,8	3,6	2,6	-6 119
11	1739 Røyrvik	52 814	2,7	2,8	5,1	3,8	-281
12	1662 Klæbu	28 475	6,5	2,9	3,7	2,7	53
13	1827 Dønna	44 474	6,8	3,0	4,0	3,3	-223
14	1026 Åseral	47 231	6,9	3,1	4,1	3,1	-509
15	0238 Nannestad	27 585	5,1	3,2	4,5	4,2	876
16	1134 Suldal	39 416	7,5	3,2	3,8	2,3	-304
17	2011 Kautokeino	38 133	10,0	3,2	2,9	2,8	-2 516
18	1412 Solund	51 038	8,2	3,4	4,9	4,4	-3 905
19	2021 Karasjok	39 508	9,3	3,4	3,1	2,7	-2 285
20	1233 Ulvik	40 308	5,8	3,5	4,0	2,4	277
21	1264 Austrheim	33 320	8,1	3,5*	4,1	3,5	-657
	Landsgjennomsnitt	29 278	9,0	5,3	4,7	4,0	
	Hordaland	28 545	7,9	5,5	4,8	4,1	

6. Austrheim kommune støttar utvalet sitt framlegg til at det vert ytt ein eigen kompensasjon for vekstkommunar. Dette kan vera med på å dempa vekstsmertene i slike kommunar.
7. Austrheim kommune støttar utvalet sitt framlegg til å etablere eit Inntektsgarantisystem – INGAR. Dette vil sikra eit noko betre likeverdig tenestetilbod i ein omrømningsperiode.
8. Austrheim kommune ser utvalet si løysing med å ta ut selskapsskatten av inntektsgrunnlaget for kommunane, som ei god løysing. Motivasjonen for å skapa næringsutvikling er knytt til andre føremål enn skatteinntekter. Dette fordi desse inntektene er svært ustabile. Auka skatteøre på person- og formueskatt sikrar eit meir stabilt grunnlag for næringsutviklingsarbeidet i kommunane.
9. Austrheim kommune støttar mindretalet si løysing med ei skatteinntektsutjamning som legg opp til ei utjamning som kan verta høgare enn 60%. Men det er då ein føresetnad at auken vert dekkja av kommunar med skatteinntekter over 115% av landsgjennomsnittet.
10. Det er positivt med den føreslegne endringa av oppdateringa på folketalet til 1/7 året før budsjettåret, med tanke på å sikra eit jamt tenestetilbod i budsjettåret. Det er positivt at det vert etablert ei økonomisk kompensasjonsordning for dei kommunar som denne endringa slår negativt ut for.

11. Det er naudsynt med ein grundig gjennomgang av utgiftsutjamningssystemet, for å sikra tilstrekkeleg utgiftsdekning for småkommunar; - særleg for dei kommunar som taper mykje på dette utvalet sitt framlegg til endringar i inntektssystemet.